



--

Arkiv saknr:	2017/1094
Løpenr.:	10042/2017
Arkivkode:	

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Camilla Kallevik

Kommunal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag- Høringsutkast

Vedlegg:

- 1 Kommunal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag

Dokument i saka:

- Kommunestyrevedtak i sak 16/119: Retningslinjer for handsaming av søknader etter
- motorferdselslova - vedtak
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven), dagsett 10. juni 1977 nr. 82
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag, dagsett 15. mai 1988 nr. 356
- Rundskriv T-1/96- Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82

Bakgrunn:

15.12.2016 vedtok kommunestyret retningslinjer for handsaming av søknadar etter motorferdselslova. I same sak blei det vedtatt at det skulle utarbeidast ei eiga forskrift for motorferdsel i Vinje kommune.

I medhald av § 5 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven) dagsett 10. juni 1977 nr. 82 kan kommunestyret i forskrift gje tilgjenge til:

«a) landing og start med luftfartøy på bestemte steder i utmark og vassdrag. Adgangen kan begrenses til landing og start til bestemte formål, til bestemte tider og til å gjelde selskaper eller enkeltpersoner som driver ervervsmessig luftfartsvirksomhet,

b) bruk av motorfartøy på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer når det foreligger særlige grunner som i tilfelle må angis i forskriften.»

Forskrifta skal utfylle lova og den nasjonale forskrifta gjeve i medhald av lova. Kommunen varsla oppstart om arbeid med forskrift 06.04.2017. Det har ikkje kome innspel til arbeidet.

Sentrale tema for den lokale forskrifta er regulering av motorferdsel på vassdrag og start\ landing med luftfartøy.

Bruk av motorfartøy på vassdrag.

Kommunen har her høve til å regulere t.d. motorstorleik og at det og er tillat med ferdsel på innsjøar mindre enn 2 km² dersom det er særlege grunnar til dette. I forslaget til forskrift vedlagt er det opna for at ferdsel med motorfartøy skal vera tillat på vatn under 2 km² utanfor Hardangervidda nasjonalpark og andre verneområder i samband med jakt og garnfiske.

I Vinje kommune og utanfor Hardangervidda nasjonalpark er desse vatna større enn 2 km² : Bitdalsvatn, Bordalsvatn, Førsvatn, Holmavatnet, Kjelavatn, Langeidvatn, Langesæ (Vågsli), Langevatn, Lognvikvatn/Tansvatn, Møsvatn, Songa, Ulevåvatn/Ståvatn, Sæsvatn, Totak, Vinjevatn, Vråsjå, Våmarvatn, Øvre Langeidvatn

Bruk av luftfartøy

I forslag til forskrift er det opna for at det i spesielle høve kan vera tillat med landing og start med luftfartøy utanfor Hardangervidda nasjonalpark og andre verneområder utan søknad. Vidare er det opna for at det kan gjevast løyve til landing og start med luftfartøy i utmark etter søknad under visse vilkår. Konkrete døme er gjeve i forslag til forskrift.

Bruk av vasskuter

I forslag til forskrift foreslår ein at det skal vera eit generelt forbod mot all bruk av vasskuter i Vinje kommune.

Vurdering:

Regelverket for motorferdsel i utmark har som føremål å «ut fra et samfunnsmessig helhetssyn å regulere motorferdselen i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen.» jmf. rundskriv T1-96. Utarbeiding av den lokale forskrifta har som føremål å tilpasse regelverket til lokale tilhøve og utfordringar på dette området. Det er også lagt vekt på at forskrifta skal gje grunnlag for ei rasjonell sakshandsaming og vere eit bidrag til å møte utfordringane på området.

Forslag til forskrift som no skal ut på høyring ligg vedlagt.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Forslag til kommunal forskrift blir sendt ut på høyring og offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande lovar og reglar.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/